



Julehelsing 2013

Kjære medlem av Nordhordland Veteranbåtlag Førjulstider 2013

Året 2013 er snart komen til endes og drifta av OSTER har gått jamt og trutt, heile sesongen.

I år fekk me spørsmål om me kunne ta ein tur dagen før OSTER skulle på slipp. Dette vart det svart positivt på, då passasjesertifikatet er gyldig like fram til den 26. mai. Redningsmateriellet og radiosertifikatet hadde forfall før og desse måtte kontrollerast og godkjennast før turen kunne gå.

Sundag den 5. mai dampa så OSTER avgarde med eldre Sydnegutter m/fam. til Kollevåg på Askøy.

Innetter Kollevågen vart det trangare og trangare etter kvart som me nærma oss kaien. Passasjerane steig i land for å hyggja seg på anlegget der. Skippar Jakob fekk ei stor utfordring med å få snudd OSTER i den tronge vågen. Her måtte alle, på dekk og i maskina, arbeida tett saman og utføra ordrane frå brua til punkt og prikke og med tålmod vart Oster snudd, slik at baugen fekk retning utover vågen. Det blir neppe fleire turar for OSTER til Kollevåg.

Den etterfølgjande slippsetjinga gjekk raskt og effektivt. OSTER vart saumfart utan at det vart gjeve anmerkingar og vart sett utpå igjen dagen etterpå og med nytt Passasjersertifikat for dei neste 5 åra.

Den neste turen gjekk med eit lokalt songkor, som hadde tyske gjestar på besøk, til Lysøen.

Deretter kom Torgdagen, som opprant med fint ver og mange ville til bydn.

Det vart også fleire blåturar og 4 sundagsturar til Lyngheiseret og Utvandarsenteret.

Fjordsteam 2013 vart høgdepunktet i sesongen. Dei siste vekene før Fjordsteam, fekk OSTER ein ekstra finpuss, av pensjonistgruppa, slik at han vart blankpust og fin til byturen.

Mange vart med på turen til byen og opningsparaden inn Vågen.

På Byfjorden møtte OSTER den nederlandske damp/motor yachten George Stephenson, som vart helsa velkomen til Bergen med 3 lange støt i OSTER-fløyta. Dette vart besvart og ein djupt rørt reiar, S.J. Strik, som er æresmedlem i Nordhordland Veteranbåtlag, stod ved rekka og "skein som ei sol".

Fjordsteam 2013 vart ein vellukka Veteranbåtfestival, med mange aktivitetar og besøkjande.

OSTER sin Fensfjordtur varte også i år frå torsdag morgon til sundag kveld. Torsdagen fekk dei eldre i Austrheim ein tur forbi Olavsstatuen i Skjerjehamn. På ettermiddagen gjekk turen frå Mongstad-basen til Bergen med ei forskargruppe. Fredagen vart det ein blåtur frå Mongstadbasen, via Brandanger- og Kvigesundet forbi Eivindvik, Skjerjehamn og med ilandstigning på Fønnes.

Laurdagen følgde Fønnesdajen-2013, med presentasjon av Kystkulturen, deretter ein kveldstur på Hindenesfjorden.

Sundagen gjekk turen til Furnes der dei hadde den årlege kaifesten og vidare forbi Eivindvik og Skjerjehamn til Fønnes før heimturen gjennom Straumane til Bjørsvik.

På Holmeknappen, har det også blitt ein tradisjon at OSTER er med på Kystsogedagane.

I haust fekk me i stand eit samarbeide med Lindås Kommune om å ta 400 ungdomsskuleelevar med på tur. Dette gjekk over 4 dagar. Turane starta ut frå Knarvik og elevane vart delte opp i 4 grupper som flytta seg mellom 5 stasjonar om bord. På kvar stasjon vart dei orienterte om drifta av ein båt som OSTER, men også om den Indre Farleia eller betre kjent som Straumane, av ein lokal kjentmann.

Dette vart 3 travle og lærerike timar både for elevane og for instruktørane

Sesongen vart avslutta med Bønder i Bydn og den tradisjonelle Modalsturen.

D/S OSTER ligg no i Bjørsvik og blir stelt med, slik at alle førebuingane skal vera på plass før den neste sesongen byrjar i mai.

Neste år blir det langtur på OSTER, då det skal gå ein veteranbåtkonvoy frå Bergen den 11. juli til Oslo i høve

200 års markeringa for den norske Grunnlova.

Så vil eg ønskja dykk alle ei God Jul og eit riktig Godt Nyttår med takk for innsatsen og støtta i året som har gått. Vel møtt i 2014 !

Med venleg helsing
Tor Johannes Bjørngaas